



Tyssealand Arkitektur AS
Valkendorfgaten 9
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3006 - 18/5340

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
13.03.2018

Igangsettingsløyve for resten av tiltak GBNR 22/166,173 hus 10- Bustad med 7 leilegheiter Mjåtveitmarka B24

Administrativt vedtak. Saknr: 62/2018

Tiltakshavar: Mjåtveitmarka B16 AS
Ansvarleg søkjar: Tyssealand arkitektur AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (p

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for resten av tiltaket hus 10- bustad med 7 leilegheiter i Mjåtveitmarka B24 og tilkopling til kommunalt vatn og avlaup. Kommunen har i vedtak av 03.02.17 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad motteken 26.02.18 og supplert 28.02.18.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggskommentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 26.02.18 der følgjande dokumentasjon vart etterspurd:

1. Søknad om tilkopling til kommunalt vatn og avlaup.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 28.02.18.

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.02.18 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for Mjåtveitmarka– planid 125620060002- regulert til bustadområde. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling .

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 2 dagsett 22.02. 2018, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23 - 1.

VA-plan og fordrøyningsmagasin:

VA-anlegg og fordrøyningsmagasin for heile området Mjåtveitmarka B24 er vist på kart motteke 21.03.17 og godkjent 21.03.17 i sak 16/3007 i delegert vedtak 81/2017.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd **igangsettingsløyve for heile tiltaket** – oppføring av bustadbygg med 7 leilegheiter gbnr 22/166, 173 på Mjåtveitmarka, jf søknad med vedlegg motteke 22.02.2018.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan versjon 2, dagsett 22.02.2018, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tilkopling til offentleg VA-anlegg:

Meland kommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova og vass- og avlaupsanleggslova at gbnr 22/166, 173 vert tilknytt kommunalt vass- og avlaupsanlegg for bustadbygg på følgjande vilkår, jf. søknad motteke 28.02.2018:

-Tilkoplinga skjer på dei vilkår som kommunen har sett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.

-Alle sanitærinntallasjonar skal følgja standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf.

Kommuneforlaget.

-Tilkoplinga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkoplinga er utført.

-Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. For 2018 er gebyr for tilknytning til offentleg vassanlegg per bueininga er kr 20 000,- + mva og kr 20 000,- + mva for tilknytning til offentleg kloakkanlegg.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg GBNR 22/166, 173 Hus 10
E-postmelding - Søknad om sanitæranlegg
Igangsettingsløyve for GBNR 22/166,173
IG søk

Kopi til:

Egil J. Gripsgård
Mjåtveitmarka B16 AS

c/o Tysseland 5012
arkitektur AS
Valkendorfs-gaten
9

BERGEN

Mottakarar:

Tysseland Arkitektur AS

Valkendorfs-gaten 5012
9

BERGEN